

KS v/ Anne Johanne Enger

Dato: 29.01.2016  
Vår ref.: 2015/12737-5  
Saksbehandlar: ingedva  
Dykkar ref.: 15/01823

## **Gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett: prøveordning om utbygging etter forenkla standard - Oversending av innkomne prosjekt frå Hordaland**

Det blir vist til invitasjon til deltaking i prøveordning om utbygging etter forenkla standard på gang og sykkelveg på kommunal og fylkeskommunalt vegnett.

På møte i fylkestinget i desember 2015 vart det gjort vedtak om at det skal etablerast eit forsøk med utbygging av gang- og sykkelveggar med enklare standard langs fylkesveggar i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune vidaresendte invitasjonen til alle kommunane i fylket, og på tross av kort svarfrist kom det inn forslag til prosjekt frå fire kommunar, Jondal, Kvam, Os og Osterøy. I tillegg ønskjer fylkeskommunen i samarbeid med Bergen kommune å foreslå snarveger til haldeplassane til Bybanen som prosjekt. Her har kommunen i samarbeid med fylkeskommunen gjennom Bergensprogrammet gjort eit større kartleggingsarbeid. Informasjon om prosjektet langs Bybanen må innhentast og vert ettersendt.

### **Jondal kommune**

Jondal kommune har forslag om ein g/s-veg langs fv. 107 frå Jondal sentrum til Sætveithagen på om lag 1,5 km. Etter opninga av Jondalstunellen har trafikken auka merkbar på strekninga, i tillegg er vegen skuleveg som kommunen betaler skuleskyss på fordi vegen er utrygg. Prosjektet er i oppstartsfasen og ei enkel utgreiing av alternativ er gjennomført.

### **Kvam herad**

Prosjekt er gang-sykkelveg på Kvamskogen langs fv. 7, dette er eit utfartsområde med 2000 fritidsbustader og opptil 30.000 besøkande. G/s-vegen på 2 km ligg som eit rekkefølgekrav i kommunedelplanen for Kvamskogen og Statens vegvesen sitt anslag tilseier ein kostnad på 200 mill kroner. Det er i bompengeprojektet Kvammapakken sett av 10 mill til trafiksikringstiltak på Kvamskogen. Kommunen meiner det er eit godt alternativ å sjå på enklare løysingar for g/s-vegen.

### **Os kommune**

Ønskjer å delta med to prosjekt g/s-veg, Hjorthaugen-Ådnadalen på 560 m og Hatvikvegen-Valla bru på 910 m. Begge strekningane har aukande trafikk i samband med stor utbygging i nærområda, og dagens veg har ikkje vegbredde til to køyrebannar. Kommunen har lagt ved konkrete forslag til løysing og estimerte kostnadsreduksjonar ved dei forenkla løysingane.

### **Osterøy kommune**

Ønskjer å delta med har eit prosjekt på ca 2 km g/s-veg mellom Rolland og Hannisdal langs fv 566, som er hovudinnfartsåra til Osterøy over Osterøybrua. Den vil binde saman framtidige næringsområde og sørge for

eit samband til Arna/Bergen. Med utbygginga av denne traseen og mindre oppgraderingar på kommunal veg vil kommunen få g/s-veg på ei strekning på 5,5 km langs fylkesvegen.

Så vidt vi kan sjå er prosjekta i Os saman med snarvegar knytt til Bybanen byggetrinn 1 og 2 dei som er nærast realisering. Om det er ønskeleg med meir informasjon om prosjekta i Hordaland ta kontakt.

Kommunane sine forslag til prosjekt er vedlagt i eit samla dokument.

John Martin Jacobsen  
leiar

Inge Edvardsen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Prøveordning om utbygging g/s-veg etter forenkla standard - prosjekta frå kommunane